

INNKALLING TIL SOKNERÅDSMØTE I HENSÅSEN SOKN

TID: TYSDAG 12. MAI KL. 19.30 – 21.30

STAD: HENSÅSEN KYRKJE

Til stades: Ingebjørg Vik Laugaland, Oddvin Almenning, Nils Harald Heen, Unni Flaate, Elin Rømyhr Haugen, Randi Sandhaugo, Solbjørg Kvålshaugen

Forfall: Synnøve Kvam

SAKER

7/2026 Godkjenning av innkalling - godkjend

8/2026 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 03.02.26 - godkjend

9/2026 Gjennomgang av referat frå felles soknerådsmøte den 3. februar 2026 – gjennomgått

Kommentarar:

Me drøfta **Open Kyrkje** som ei eit ønske frå biskopen og bispekontoret. Det er gode argument for å gå inn for ei ordning med open kyrkje, særleg fordi behovet for kyrkja sitt nærvær endrar seg i vår tid. Dei som slit kan kanskje finne trøyst ved at kyrkja står open i ei personleg krise. Men aberet er at uopprettelege hendingar kan ramme kyrkja vår dersom kyrkja er open og utan tilsyn. Me må i så fall ha ein kontroll, og låse inn verdigjenstandar. Dette blei ikkje utdebattert og me tek opp at saka i neste møte.

«Vi syng og spelar jula inn» - i Hensåsen Kyrkje. Solbjørg kontaktar Inger Sørnum i Vangskoret og Tone Lajord i Fjellblom med forslag om datoar som passar for arrangementet i Hensåsen Kyrkje: tysdag 15., onsdag 16., torsdag 17., fredag 18. eller laurdag 19. desember

10/2026 Gjennomgang av gudstenesteordning og fordeling av kyrkjevertar – sjå eige vedlegg

11/2026 Stølsmesse 2026 – det er deadline for Menighetsbladet fredag 15. mai og tid og stad bør bli kunngjort der. Ansvarleg: Elin Rømyhr Haugen

12/2026 Møteplassar – «Mitt nabolag» matiné den 17. oktober – signert avtale er send Christian Stejskal, overnatting er tinga i Olavsstøga hjå Eli Belsheim og Elling Magnus Ellingbø. Me må marknadsføre arrangementet. Fyrste steg; notis i Menighetsbladet. Me må ha førehandssal av billetter. Solbjørg er ansvarleg.

13/2026 Forslag til forbetringar/endingar i sakristi og kjøken i Hensåsen Kyrkje – me gjorde ein synfaring i kjøkenet og planla mål av arbeidsbenk og overskap med skuvedører. Nils Harald Heen reknar ut eit tilbod og vil utføre monteringa på dugnad. Me undersøker om benken kan passe i bårerommet.

14/2026 Strategi for soknerådets arbeid – Ingebjørg gjekk gjennom eksisterande strategi, kva som skal vera soknerådets overordna mål for arbeidet og ho la inn endingar i strategidokumentet. Møteplassar er eit viktig punkt og me held fram med kyrkjekaffien som ein fast møteplass. Laurdagsmatinéen er no komen til som ein ny møteplass, medan me har lagt bort planane om quiz. På juleftan kvart år vil Soknerådet kome med ei helsing til kyrkjelyden og soknet som fortel om overordna mål for arbeidet. *Revidert Strategidokument blir ettersend.*

15/2025 Eventuelt

Oddvin Almenning tok opp at det ikkje er vasar til blomar på Hensåsen Kyrkjegard. Anine Katevold har gitt 5 stk. Det må lagast ei innretning som gjer at dei ikkje bles vekk. Ansvarleg: Nils Harald Heen

Unni Flaate etterlyser reiskap til bruk på kyrkjegarden – kvar er den lagra?

Nils Harald Heen tok opp manglande flagging ved Hensåsen Kyrkje på frigjeringsdagen 8. mai. Kven er ansvarleg for flagging ved offentlege flaggdagar? Nils Harald Heen undersøker med kyrkjekontoret. Han spør samstundes om kvar reiskapen er lagra.

Takk for godt møte!

Med helsing

Solbjørg Kvålshaugen
Soknerådsleiar
Fondsbu 16.05.26

OVERSIKT OVER KYRKJEVERTAR OG OFFERMÅL HENSÅSEN KYRKJE

Soknerådsleiar: Solbjørg Kvålshaugen, tlf. 906 55 398

Nestleiar: Nils Harald Heen, tlf. 909 32 957

Kasserar: Oddvin Almenning, tlf. 404 15 150

Medlem: Unni Flaate, tlf. 980 47 325

Varamedlemmer: Elin Rømyhr Haugen, tlf. 476 31 083, Randi Sandhaugo tlf. 916 26 137, Synnøve Kvam, tlf. 970 85 800

*50/50 Arbeid for Hensåsen Kyrkje og Arbeid for Psykisk Helse for Ungdom

Dato	Tid	Kyrkjevert(ar)	Offermål
13.06.	11.00	Elin Rømyhr Haugen og Solbjørg Kvålshaugen	AHK/PHU
Konfirmasjon			
23.08.	12.00	Guro Hovda (SK spør) STØLSMESSE	AHK/PHU
Stølsmesse			
20.09.	11.00	Unni Flaate og Oddvin Almenning	AHK/PHU
4-åringane			
27.10.	19.00	Elin Rømyhr Haugen	AHK/PHU
Tysdag			
15.11.	11.00	Elin Rømyhr Haugen	AHK/PHU
06.12.	11.00	Solbjørg Kvålshaugen	AHK/PHU
24.12.	13.00	Solbjørg Kvålshaugen og Oddvin Almenning	AHK/PHU
Juleftan			